

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I BØMLO TUR OG SOGELAG 24/4- 2014

10 FRAMMØTTE

Formann Norvald Nytveit leia møtet og leste opp årsmeldinga.

Valnemnda har tatt seg av nye val. Postane er stort sett fylte opp. Det manglar 2 personar til valnemnd posten. Det er viktig at dei som vert valt til dei ulike postane, veit kva ansvar og oppgåver dei har. Det vert no planlagt eit samarbeidsmøte med dei ulike nemndene.

Øyvind går gjennom rekneskapet for 2013. Det viser oversiktelege postar og eit bra årsresultat samanlikna med 2012. Det var kommentar på forsikringsposten og kva me eigentleg betalar for. Norvald tek kontakt med forsikringsselskapet for å få ein oversikt.

Nokre av stiane er dårleg merkte. Nokre stiar treng og klyppast. Skuleklassane har ansvar for kvar sin sti men bør kanskje minnst på oppgåva dei har på stiane (klypping osv.) Det kjem forslag om å laga refleksløype samt setja opp ein lavvo ein stad der mange har mulegheit til å nytta seg av det. Det kjem også idear om å laga ein slags konkurranse på dei 10 stiane. Kan premiering ved å ha nådd gjennom dei 10 stiane lokka fleire ut i naturen, kanskje fleire barn og unge?

Bernt Emil opplyser at salet av Leidarsteidn har vore godt. Det er allereie fleire nye forfattarar klare til årets utgave.

Dugnadsånda er framleis stor blant mange. Karinestova er no ferdig bordkledd og vert i desse dagar malt engelsk raud. Fridtun har fått nytt skilt, samtidig vert vinduer / karmar restaurert. Hilleborgstova er planlagt restaurert i 2014.

Ref.

Nancy Helen Olsen